



NORD-FRON KOMMUNE INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET



Sandvasslia mot Austhøa

Foto: Nils Hage

1/2026

Mars

Besøksadresse:

Landbrukssenteret, Strandgata 54, 2640 Vinstra

Tlf.: 61 21 61 90

post@nord-fron.kommune.no

INNHALD

Søknadsfristar i 2026	3
Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel	4
Søknad om tidlegpensjon til jordbrukarar	5
Produksjonstilskot (PT) og tilskot til avløyning ved ferie og fritid	5
Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP)	7
Bygdeutviklingsmiddel / IBU-middel for 2026	10
Landbruksfondet i Nord-Fron 2026	12
SMIL – Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2026	13
Tilskot til tiltak i beiteområder	14
Tilskot til drenering av jordbruksjord	15
Nydyrking – søknadspiktig tiltak	15
Tilskott til klimarådgiving	16
Straumstøtte for jordbruks- og veksthusnæringa	16
Nytt tilskot til mjølkeproduksjon på seter	16
Ny gjødselbrukforskrift	17
Registrering av lag og foreningar i Brønnøysundreg.	19
Lagring av rundball	19
Arealendringar på gardskart	19
Inngjerding på fritidseigedomar	20
Vedlikehald av gjerder	20
Retningslinjer for gjerdeprosjektet Nord-Fron 2024-2026	20
Bruk av Nofence på storfe	22
Bondens nettverk i i Midt-Gudbrandsdalen	22
Felles landbruksplan for Gudbrandsdalen	23
Skogsatsingsprosjekt i Gudbrandsdalen 2024-2026	23
Ungskogpleieopdrivar i Midt-Gudbrandsdalen 2025-2026	23
Tilskot til nærings- og miljøtiltak (NMSK) i skogbruket	24
Bygging av landbruksveg	27
Skogfond	27
Ny skogeigar	29
Beverjakt i Nord-Fron kommune	29
Sikringradioen på Krøkla	29
Langsua nasjonalpark	29
Rondane-Dovre nasjonalpark	29
Informasjon frå Norsk Landbruksrådgiving (NLR)	30
Kadaverhenting	32
Klauvboks	33
Klauvskjering	33
Informasjon frå Fron Avløserlag	33
Beredskapsgruppe i Fron	34
Rovviltskader på beitedyr	35
Vassforsyning til husdyrhald	35
Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) 2023-2027	35
Landbrukssenteret på Vinstra	36

SØKNADSFRISTAR I 2026

❖ **Produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyasing ved ferie og fritid (PT):**

Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyasing ved ferie og fritid har årleg to søknadsfristar og ei utbetaling:

- 15. mars (med telledato 1. mars) - del 1 av søknaden
- 15. oktober (med telledato 1. oktober) - del 2 av søknaden

Del 1 av søknaden er det husdyrprodusentar som kan levere. Ved del 2 er det både husdyr- og planteprodusentar som kan levere søknad.

Maksimalt tilskot til avløyasing ved ferie og fritid i året blir berekna på grunnlag av gjennomsnittleg dyretal pr. 1. mars og 1. oktober. Søknadsfrist 15. oktober. Søknaden kan oppdaterast med faktiske utgifter til avløyasing heilt fram til den 10. januar året etter.

❖ **Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP):**

Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket og beitelag som er godkjende av kommunen kan søkje regionalt miljøtilskot (RMP). I Innlandet omfattar ordninga m.a. tilskot til drift av seter med mjølkeproduksjon, skjøtsel av bratt areal, skjøtsel av kulturhistoriske områder (= setervoller og dyrkingsfelt i fjellet), miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel og endra jordarbeiding.

Søknadsfrist: 15.oktober.

For **drift av beitelag** er fristen 1. november.

❖ **Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)**

Søknadsfrist 15. april.

❖ **Søknad om tilskot frå Landbruksfondet i Nord-Fron**

Søknadsfrist 15. februar.

❖ **Tilskot til drenering av jordbruksjord**

Fortløpande med siste frist 1. oktober.

❖ **Erstatning – produksjonssvikt**

Frist for endeleg søknad er 31. oktober. Det er svært viktig at skader blir meldt til landbrukskontoret så snart dei har oppstått.

❖ **Erstatning for rovdyrskader på husdyr**

Søknadsfrist: 1. november. Søknader skal leverast elektronisk på *Elektronisk søknadssenter*: [Søknadssenter - skjema fra Miljødirektoratet - Søknadssenter](#)

❖ **Tilskot til tiltak i beiteområder**

Søknadsfrist 15. april. Søknaden skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/ Altinn.

❖ **Mjølkekvoter**

Søknadsfrist for sal av kvote er 15. august. Salget får verknad frå januar påfølgande år.

Frist for registrering av disponering av mjølkekvote for påfølgjande år er 15. desember. Dette gjeld dersom det skjer endring i kven som skal disponere kvota frå 1. januar påfølgjande år. Er det ingen endring treng du ikkje å registrere noko. Gjeldande disponering blir automatisk fornya frå år til år.

Oppdatert informasjon om mjølkekvoter finn du på:

[Mjølkekvotar - Landbruksdirektoratet](#) Du kan og venda deg til landbrukskontoret viss du har spørsmål.

TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJKDOM OG FØDSEL

Ordninga gjeld avløysarutgifter ved sjukdom, svangerskap/fødsel, adopsjon, brukars dødsfall, sjukdom hjå barn, repetisjons-, heimeverns- og sivilforsvarsøvingar. Søknadsfristen er seinast 1 år etter siste dag av perioden for avløyning.

Det er produksjonen fyrste dag av søknadsperioden som skal ligge til grunn for føretaket sin maksimale grunnsats. Tilskotsgrunnlaget varierer med type produksjon og storleik på produksjonen. Jf. jordbruksavtala 2025/2026 er den maksimale dagsatsen for ordninga for 2026, kr 2.700. Det må legges ved ulik dokumentasjon med søknaden.

Meir informasjon om ordninga er å finna under **Informasjon frå Fron avløserlag s.33**.

Informasjon er og å finna på:

[Tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. - Landbruksdirektoratet](#)
eller ta kontakt med landbrukskontoret på telefon 61 21 61 90, om det er
noko du lurar på.

SØKNAD OM TIDLEGPENSJON TIL JORDBRUKARAR

Tidlegpensjon skal bidra til å lette generasjonsovergangen i jordbruket for dei som har hatt hovuddelen av inntekta si frå jordbruk/ gartneri og skogbruk.

Jordbruker som har fylt 62 år og som har drivi jordbruk i minst 15 år, kan få einbrukarpensjon. Det er eit krav om at eigedomen er tinglyst på ny eigar. Ny eigar kan ikkje vera ektefelle/ sambuar.

Gjeldande satsar for utbetaling pr. 1.1.2026:

Einbrukarpensjon: kr 105.200 per år.

Tobrukarpensjon: kr 168.320 per år.

Tidlegpensjon blir utbetalt pr. måned til brukar fyller 67 år, men maksimalt fem år.

Informasjon og søknadsskjema er å finna på:

[Tilskudd til tidligpensjon - Landbruksdirektoratet](#)

PRODUKSJONSTILSKOT (PT) OG TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID

Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyssing ved ferie og fritid har to søknadsfristar i året:

- 15. mars (med telledato 1. mars) - del 1 av søknaden.
- 15. oktober (med telledato 1. oktober) - del 2 av søknaden.

Du kan sende inn søknad frå og med telledatoene 1. mars og 1. oktober. Føretak som leverer søknaden innan fristen, vil kunne endra opplysningane i innsendt søknad i 14 dagar etter at fristen har gått ut (dvs. fram til 29. mars og 29. oktober).

Del 1 av søknaden gjeld :

Husdyrtilskot, tilskot til økologisk husdyrproduksjon, driftstilskot til mjølkeproduksjon og til spesialisert kjøttfeproduksjon, tilskot til små og

mellomstore bruk, samt registrering av dyr som gjev grunnlag for tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

Del 2 av søknaden gjeld:

Tilskot til avløyning ved ferie og fritid for 2026, husdyrtilskot, tilskot til økologisk areal og husdyr, tilskot til bevaringsverdige husdyrraser, distrikstilskot frukt, bær og grønt for kvantum. Areal og kulturlandskapstilskot, tilskot til dyr på beite, tilskot til dyr på utmarksbeite, driftstilskot til mjølkeproduksjon og til spesialisert kjøttfeproduksjon, samt registrering av dyr som gir grunnlag for tilskot til grovfôrareal og avløyning ved ferie og fritid for 2026.

Einskilde opplysningar i del 2 kan etterregistrerast i tidlegare innlevert søknad, frå 15. oktober og innan 10. januar:

- avløyingsutgifter for perioden 16. oktober til 31. desember.
- dyr på beite som er sankt frå utmarksbeite seinare enn 15. oktober.
- livdyr av kylling og kalkun som er seld mellom 16. oktober og 31. desember.
- frukt, bær, veksthusgrønnsaker (inkl. salat på friland), samt poteter produsert i Nord-Norge, som er omsatt mellom 16. oktober og 31. desember.

Det er søker sitt ansvar at søknaden blir levert innan søknadsfristen. For å bli rekna som levert i rett tid, må søknaden vere levert elektronisk via altinn.no før midnatt på datoen for søknadsfristen.

Forskrift og rettleiing er å finna på:

[Ordninger for jordbruk - Landbruksdirektoratet](#)

Alt informasjonsmateriale og brev om tilskot blir sendt digitalt i føretaket sin meldingsboks i Altinn.

Når du skal levere elektronisk søknad om produksjonstilskot, gå inn på [Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket - Landbruksdirektoratet](#) der kan du logge deg rett inn på skjemaet i Altinn.

Ta kontakt med landbrukskontoret viss du treng hjelp til søknaden.

REGIONALE MILJØTILSKOT I JORDBRUKET (RMP)

Regionalt miljøtilskot i jordbruket har søknadsfrist 15. oktober.

Av dei tiltaka du kan søkje om er m.a.:

- seterdrift
- skjøtsel av kulturhistoriske områder (= setervoller og dyrkingsfelt i fjellet)
- bratt areal
- inga jordarbeiding om hausten (korn/ raigras)
- miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel.

Merk: *Spreining av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen på **etablert eng***, dvs. all husdyrgjødsel føretaket disponerar skal vera spreidd om våren eller i vekstsesongen. Dersom du må spreie noko husdyrgjødsel etter siste hausting kan du ikkje få noko tilskot for denne ordninga.

Når det gjeld RMP- søknadar, ser ein at det er noko usikkerheit om enkelte tiltak, her nevner vi m.a.:

- Tiltaket *Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark, i Nord-Fron er det ikkje noko areal som ligg innafor dette kartlaget.*
- *Skjøtsel av kulturhistoriske områder, dvs. seterkvè/dyrkingsfelt.* Det blir gjeve tilskot for opp til 80 daa pr føretak.
- *Skjøtsel av trua naturtyper; arealet må vera kartlagt som Naturtyper – skjøtselsavhengige i søknadskartet.* På arealet skal det ikkje gjødsles, jordarbeides eller bli brukt plantevernmiddel.
- *Utslepp til luft, her er det fire tiltak:*
 1. *Spreining av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen i 1) veksande kultur eller 2) open åker med nedmolding innan to timar*
 2. *Nedlegging av husdyrgjødsel både i veksande kultur og i open åker*
 3. *Nedfelling av husdyrgjødsel både i veksande kultur og i open åker*
 4. *Bruk av tilførselsslange slik at gjødsla pumpes ut til spreieren for å unngå jordpakking frå tunge maskiner. Dette er kun i tillegg til eit av tiltaka over.*

Det kan innvilgas tilskot for berre eit av dei fyrste tre tiltaka pr. areal pr. år i tillegg til spreining med tilførselsslange viss ein har brukt det. Det kan søkes om tilskot til ulike tiltak på forskjellige areal.

Felles vilkår for alle tiltaka er at arealet som er innvilga tilskot må haustes eller beites etter siste spreiking i søknadsåret.

Det må spreiest minst 5 kg total-N husdyrgjødsel/biorest pr. dekar for tiltaket det blir søkt om. Det må ligge føre gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og mengde gjødsel spreidd pr. dekar.

Spesielt for tiltaket **Spreiking av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen;**

All husdyrgjødsel som føretaket disponerar må spres om våren eller i vekstsesongen for å kunne søkje på dette tiltaket. Dersom det bli spreidd noko etter siste hausting/ beiting kan det ikkje bli søkt om dette tiltaket på noko av areala føretaket driv.

Når du skal søkje om RMP-tilskot, gå inn på:

[Regionalt miljøtilskudd i jordbruket \(RMP\) - Landbruksdirektoratet](#), der kan du logge deg rett inn på skjemaet i Altinn.

Merk, det er **to** ordningar å søkje på med **kvalt sitt skjema og søknadsfrist 15. oktober**:

- **Produksjons- og avløysartilskot, PT**
- **Regionalt miljøtilskot, RMP**

Det er frå forvaltninga eit auka fokus på grunnvilkåret «vanleg jordbruksproduksjon».

Jf. Forskrift om produksjons- og avløysartilskot § 2 så er eit av grunnvilkåra for å kunne motta tilskot at føretaket driv «vanleg jordbruksproduksjon».

I Rundskriv 2026/3 står det:

For å oppfylle kravet om å drive vanlig jordbruksproduksjon, må produksjonen ha et næringsmessig preg. Leveransene fra produksjonen skal stå i samsvar med antall dyr, eller størrelsen på arealet, det søkes tilskudd for. Det må vurderes om produksjonen er for ekstensiv eller mangler næringsmessig forankring.

- For dei ulike produksjonar er det fastsett ulike standarder, f.eks. antal liter levert mjølk, slakteleveranser og livdyrsalg (det må bli produsert ei vare). T.d. ved søknad om dyretilskott for ammegeit

som er naturleg å samanlikne med sau, blir det forventat at det blir produsert avkom for alle ammegeit kvart år, og at det som ikkje er påsett blir slakta eller seld som livdyr og dermed gir inntekt.

- Dersom eit føretak kun disponerer hester, må føretaket i tillegg disponere andre tilskottsberettigta produksjonsdyr og/eller arealer.
- Omsøkt jordbruksareal må bli drivi aktivt, dvs. at det må gå føre seg ein reell produksjon på areala som føretaket søker tilskot på. Areal skal haustes/ beites.
- Skal føret selges, må mengde seld før vera spesifisert og føret må vera seld til markedspris. Alt anna salg av grovfor blir rekna som bortleige av areal.

Kommunen er pålagt å årleg gjennomføre kontroll av minst 10 % av søknadane om produksjonstilskot og minst 5 % av søknadane om regionalt miljøtilskot.

Ein minner om at det er søker sitt ansvar at søknaden er korrekt slik at du som søker får rett tilskot i samsvar med di drift. Ved å søke om tilskot som ikkje er berettigta, eller det manglar eller er mangelfull sprøytejournal, risikerar ein avkorting i tilskot.

Som sjølstendig næringsdrivande er det strenge krav til aktsemd og kjennskap til regelverk, difor er det viktig å sette seg inn i regelverk og veiledning frå Landbruksdirektoratet og Statsforvalteren.

Ta kontakt med landbrukskontoret i god tid dersom det er noko du lurar på eller treng hjelp til med søknaden din.

Merk: Landbrukskontoret har ikkje høve til å korrigere i søknaden etter at fristen for etter-registrering har gått ut.

Når du får beskjed om at du har fått utbetalingsbrev med vedtak i Altinn på både PT og RMP, så er det viktig at du går inn og sjekker utbetalinga. Dersom det er noko som ikkje stemmer har du tre veker klagefrist.

BYGDEUTVIKLINGSMIDDEL / IBU- MIDDEL FOR 2026

Innovasjon Norge informerer:

Prioriteringer 2026:

Tradisjonelt landbruk

Prioriterte områder

- *Melkeproduksjon og tilpasning til løsdriftskravet 2034 har høyest prioritet*
- *Tilskudd til unge bønder under 35 år (generasjonsskifte-tilskudd) uavhengig av produksjon*
- *Lager og tørkekapasitet innen grønntæringen og faste installasjoner til vanningsanlegg**
- *Lager og tørkeanlegg til korn**
- *Omlegging til SPF**
- *Gjødsellager**
- *Andre grøvførbaserte produksjoner. Modernisering og dyrevelferdstiltak prioriteres fremfor volumøkninger og nyetableringer*
- *All økologisk produksjon*

** Særsilt satsning 2026 - ca. 25 millioner kroner er øremerket disse tiltakene.*

Ikke prioriterte områder

- *Kraftfôrkrevende produksjoner*
- *Prosjekter innen grovfôrbaserte produksjoner som benytter areal egnet for korn-, bær-, og grønnsaksproduksjon*
- *Utskifting av IMEK*
- *Lager, redskapshus, verksted*
- *Mindre prosjekter der støtte fra Innovasjon Norge ikke er avgjørende for gjennomføring av prosjektet*
- *Prosjekter som ikke henter eller planlegger å hente en vesentlig del av sysselsettingen og inntekt fra gården*
- *Prosjekter som i stor grad er vedlikehold*

Andre landbruksbaserte næringer

Innenfor andre landbruksbaserte næringer prioriteres tiltak som har basis i landbrukseiendommenes og eiernes ressurser. Ved vurdering av søknader innenfor andre landbruksbaserte næringer skal markedsmuligheter, både nasjonalt og internasjonalt, og økonomisk potensial tillegges vesentlig vekt. Søkers kunnskap og gjennomføringsevne skal også vektlegges. Det er et ønske om å stimulere til nyskapende og gode prosjekter. Følgende hovedprioriteringer legges til grunn:

Prioriterte tiltak

- Lokalmat
- Landbruksbasert reiseliv
- Inn på Tunet

Med bakgrunn i satsingen “Matfylket Innlandet” gis prosjekter innenfor matproduksjon- og foredling, samt landbruksbasert reiseliv i kombinasjon med lokalmat førsteprioritet.

Ikke prioriterte tiltak

- Prosjekter som innebærer kun utleie av sengeplasser
- Mindre prosjekter der støtte fra Innovasjon Norge ikke er avgjørende for gjennomføring av prosjektet
- Prosjekter som ikke henter eller planlegger å hente en vesentlig del av sysselsettingen og inntekt fra gården
- Tradisjonell tjenesteytende næring
- Redskapshus, lagerbygg, utleiebygg, gårdssag og vedproduksjon
- Ridesentervirksomhet, trav, stallutleie og hunde- og kattepensjonat
- Prosjekter som i stor grad er vedlikehold

Lån

Lån til næringsformål, til bl.a. driftsbygninger og anlegg av mer varig karakter i tradisjonelt landbruk og andre landbruksbaserte næringer, til kjøp av eiendom, tilleggsareal og kvote/besetning.

Søknadsfrist og søknadsprosess

Vi har mottatt et stort antall søknader om investeringstilskudd, og den samlede etterspørselen overstiger tilgjengelige tilskuddsrammer. For tradisjonelt landbruk følger saksbehandlingstid av prioritet. Søknader fra melkeprodusenter som må tilpasse seg løsdriftskravet 2034 behandles først, sammen med generasjonsskifte-tilskudd og øremerkede prosjekter i 2026 (se stjernemerket over). Svar sendes ut fortløpende. For øvrige prosjekter kan du forvente svar fra slutten av mars.

Det er fremdeles mulig å sende inn søknader innen prioriterte produksjoner.

Ta kontakt direkte med Innovasjon Norge dersom de planlegg søknader.
Her finn de meir informasjon:

<https://www.innovasjonnorge.no/seksjon/tradisjonelt-landbruk>

LANDBRUKSFONDET I NORD-FRON 2026

Det kan gjevast tilskot frå landbruksfondet til nydyrking, kjøp av mjølkekvote, mindre utbetringar av fjøs/seterfjøs, tilleggsnæringer m.m. Ordninga har ikkje noko eige søknadsskjema.

Det er utval for miljø, landbruk og areal (MLA) som forvaltar fondet.

Vedtekter for landbruksfondet i Nord-Fron blei revidert i Kommunestyret 11.12.2025 i KS-sak 99/2025 og førte til følgjande endringar:

- § 6 c) *Tilskot til kjøp av nødstrømsaggregat på gardsbruk som har aktiv drift med husdyr og som søker produksjonstilskot. Ordninga omfattar stasjonære nødstrømsaggregat inkl. elektriske installasjonar for å kunne nytte aggregatet, samt traktormonterte nødstrømsaggregat. Ved behov for prioritering av tilskotsmiddel, skal mjølkeproduksjon og vassforsyning prioriterast*
- § 7 c) *Tilskot til kjøp av nødstrømsaggregat på gardsbruk som har aktiv drift med husdyr og som søker produksjonstilskot: Inntil 30% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 50.000 pr. bruk.*

Her finn du reviderte vedtekter for Landbruksfondet i Nord-Fron:

<https://www.nord-fron.kommune.no/f/p1/i6728bc32-c5b9-4345-8e34-262bf7a7088b/vedtekter-for-landbruksfondet-i-nord-fron-kommune-vedteke-11122025pdf.pdf>

Generell arbeidsfrist er inntil 2 år, men ikkje ut over fem år frå tilskotet blei løyvd. Søknadsfristen er årleg 15.februar.

SMIL –TILSKOTT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET 2026

I Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, sist endra frå 1.1.2017 står det i §1 at: Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.

Informasjon om ordninga er å finna her:

<https://www.nord-fron.kommune.no/f/p1/ibc2b2138-bddf-442e-a209-d3c6e1aea838/tiltakstrategier-for-spesielle-miljotiltak-for-landbruket-smil-for-nord-fron-kommune-i-perioden-2024-2027.pdf>

Personar som eig ein landbrukseigedom kan søkje om tilskot, men det et er fortsatt eit vilkår om at det skal gå føre seg ein tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Søknadsfristen er årleg sett til den 15.april.

SMIL-søknader med vedlegg skal leverast via Altinn.

Dette kan ein gjera ved å gå inn på:

[Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskotsgrunnlag i søknadar som gjeld vedlikehald av bygningar, er kostnadsoverslag ekskl. mva.

I samband med sluttrapportering av SMIL-tiltak kan de bruke følgjande satsar for eige arbeid:

-  Maksimalprisar som kan godkjennast til eige utført arbeid (ikkje fakturerte utgifter):
 - Manuelt arbeid kr. 450/time
 - Traktor m/ev. utstyr inkl. førar kr. 900/time
 - Ved gravearbeid med eige gravemaskin, 8-12 t. kr.1000/time

Øvrige prisar og tilskottsatsar går fram av *Tiltaksstrategi for SMIL for Nord-Fron kommune for 2024-2027*.

Nord-Fron har fått løyvd ramme for 2026 om lag tilsvarande tidlegare år. Vi oppmodar dei som har planar om tiltak som fell under SMIL-ordninga om å søkje.

Er det noko du lurar på eller har behov for hjelp med søknaden din, kontakt Landbrukskontoret tlf. 61 21 61 90.

Når det gjeld tiltak for å bevare eldre og verneverdige bygg så har kommunen siste året hatt god erfaring med å nytte bygningsvern-rådgivar frå Gudbrandsdalsmusea.

Informasjon frå heimesida til Gudbrandsdalsmusea:

Bygningsvern-rådgjevar Håvard Syse kjem gjerne på befaring og svarar på spørsmål du måtte ha om gamle hus, byggeskikkar, ny bruk, eller tilpasning av nye bygningar til gammalt gardsmiljø. Han kan òg bistå med søknader om tilskot. Bygningsvern-rådgjevaren har lokal spisskompetanse innanfor antikvarisk arbeid på gamle hus, byggeskikk og handsverkstradisjonar i Gudbrandsdalen.

Pris er 550 kroner per time. Eigarar av gamle hus får åtte timar til rådvelde gratis. Dette inkluderer synfaring og hjelp med eventuelle søknadar om tilskot.

E-post: havard.syse@gudbrandsdalsmusea.no

Telefon: 456 05 347

Adresse: Lesja bygdemuseum, Lesja, Norge

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER

Føremålet med tilskot til tiltak i beiteområder er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Lokale retningslinjer for *Tilskott til tiltak i beiteområder Nord-Fron kommune* er å finna på heimesida til kommunen:

<https://www.nord-fron.kommune.no/f/p1/i2b0d2814-5cb7-48bd-820a-e7521cd00468/tilskott-til-tiltak-i-beiteomrader-retningslinjer-2024-2027-nord-fron-kommune.pdf>

Søknad om tilskot til tiltak med vedlegg skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/ Altinn.

Dette kan ein gjera ved å gå inn på:

[Tilskudd til tiltak i beiteområder - Landbruksdirektoratet](#)

Har du spørsmål eller treng hjelp til å søke, kontakt landbrukskontoret.

TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD

Jf. *Forskrift om drenering av jordbruksjord*, så kan tilskot til drenering av jordbruksjord avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjera kr. 4000 pr. dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast kr. 61 pr. løpemeter grøft avgrensa oppad til kr. 4000 pr. dekar.

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/ Altinn.

[Tilskudd til drenering av jordbruksjord - Landbruksdirektoratet](#)

I søknaden må det leggst ved plan for dreneringa med kart, beskriving av tiltaket og den miljømessige verknaden av dette. Tiltaket må gjennomførast innan tre år frå søknaden vart innvilga.

Nord-Fron har fått løyvd ei ramme til drenering for 2026 om lag som tidlegare år.

Har du spørsmål eller treng hjelp til å søke, kontakt landbrukskontoret.

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord kan leverast **fortløpande** med **siste frist 1. oktober**.

NYDYR KING

Nydyrking er eit søknadspliktig tiltak. Landbruksdirektoratet lanserte i januar 2025 digitalt søknads- og saksbehandlingsløysing for søknad om nydyrking.

Informasjon om kva søknaden må innehalde og korleis du søker finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/soke-om-nydyrking>

Har du spørsmål eller treng hjelp til å fylle ut søknaden, kontakt landbrukskontoret.

Landbruksfondet i Nord-Fron kan gi støtte til nydyrking.

TILSKOT TIL KLIMARÅDGIVING

Tilskot til klimarådgiving er frå 15.10.2025 ei eige nasjonal tilskotsordning utanfor Regionale miljøtilskot. Ordninga skal forvaltes av Statsforvalteren. Ny forskrift er vedteke og gjeldande frå februar 2026. Søknadssystem ventes å vere klart våren 2026 og informasjon blir lagt ut her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-klimaradgivning>

STRAUMSTØTTE FOR JORDBRUKS- OG VEKSTHUSNÆRINGA

Ordninga blir videreført også i 2026.

For å halde deg oppdatert på ordninga anbefalar vi å følgje med på Landbruksdirektoratet si nettside om straumstøtte:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/stromstotte-for-jordbruksforetak-veksthus-og-vanningslag>

Det er her du søker om støtte og sender inn eventuell endringsmelding, t.d. dersom du vil endre/fjerne/legge til målepunkt, sluttar med jordbruksproduksjon, og ved brukarskifte.

NYTT TILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON PÅ SETER

Det er i 2026 oppretta ei ny tilskottsordning for investering i setre med mjølkeproduksjon. Det kan gis støtte til investeringar i bygningsmasse, fastmontert, varig produksjonsutstyr og fast infrastruktur som er nødvendig for mjølkeproduksjonen. Det gis ikkje til oppgradering av seterhus med funksjon opphaldsrom/ overnatting.

Det kan bli løyvd kr. 500 000 pr seter som eingongstilskot,

Det er Landbruksdirektoratet som skal opprette og administrere ordninga. Forskrifta for tilskottet er sendt ut på høyring, med høyringsfrist 1. april 2026.

Midlane vil bli utlyst så snart forskrifta har trådt i kraft våren 2026.

Meir informasjon om ordninga:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-melkesetre>

NY GJØDSELBRUKFORSKRIFT

Frå 1. februar 2025 gjeld nye reglar for lagring og bruk av gjødsel. Forskrifta gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Forskrifta har nye reglar som gjeld spreiemengder og spreiefrist. Krava gjeld ulikt i ulike delar av landet samstundes som det er overgangsreglar. Forskrifta gjeld også lagring av organiske gjødselvarer som husdyrgjødsel, biorest og avløpslam.

Statsforvalteren i Innlandet har ei eige side med informasjon om den nye gjødselbrukforskrifta som er å finna her:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/innlandet/landbruk-og-mat/jordbruk/lagring-og-bruk-av-gjodsel/>

Frå denne informasjonen har vi kopiert følgjande oversikt gjeldande for Innlandet med overgangsreglar:

Gjødselbrukforskriften – oversikt for Innlandet med overgangsregler

Tema	Krav / Regel	Detaljer / Merknad
Ikrafttredelse	1. februar 2025	Gradvis innfasing frem til 2033
Virkeområde	Alle typer gjødselvarer	Gjelder også biorest, avløpslam, mineralgjødsel, og næringsholdig væskeoverskudd
Fosforgrenser	2025–2026: 3,5 kg P/daa 2027–2029: 2,8 kg P/daa 2030–2032: 2,5 kg P/daa 2033→: 2,3 kg P/daa	Innmarksbeite: 2 kg P/daa Fosfor fra mineralgjødsel må regnes med Grense som årlig snitt. Grense kan overstiges med maks 10 % pr daa.
Balansegjødsling	Tillatt fra 2027	Krever fosforregnskap og jordprøver som er maks 4 år gamle
Særlig fosforkrevende vekster	Poteter og grønnsaker er særlig fosforkrevende og kan gjødsles etter behov. (§21)	Krever jordprøver som er maks 4 år gamle
Tillatelse for økt fosforgjødsling	Økt fosforspredning, § 20 punkt 4 tilførsel av mer enn 3,5 kg P/daa/år	Statsforvalteren kan etter søknad gi tillatelse til tilførsel av mer enn 3,5 kg P/daa/år dersom foretaket kan dokumentere et behov.
Nitrogenbegrensning	Maks 17 kg N/daa/år fra husdyrgjødsel	Gjelder sårbare områder med avrenning til Oslofjorden, Glomma, Haldenvassdraget

<u>Spredetidspunkt</u> (Innlandet)	1. mars – 1. september for områder som drenerer til Oslofjorden. Øvrige områder har spredetidspunkt 1. mars - 15. september.	Spredning med nedmolding tillatt til 1. november frem til utgangen av 2026. Det er et krav om høsting eller etablering av vekst kreves etter siste spredning, men dette trer ikke i kraft før utgangen av 2026. Ikke tillatt på snødekket eller frossen mark
Nedmolding	Må skje innen 18 timer ved spredning på åpen jord	Unntak for pelletert/granulert gjødsel Gjødselvarer med avløpsslam skal nedmoldes senest 18 timer etter spredning
<u>Spredeareal</u>	Fulldyrket, overflatedyrket, godkjent innmarksbeite	Innmarksbeite må godkjennes og være registrert og kartfestet av kommunen.
<u>Vegetasjonssone</u>	Minst 6 meter fra vassdrag, målt fra ytterkant	Gjelder ved spredning på innmarksbeite
Lagerkapasitet Overgangsordning for de som ikke hadde nok lagerkapasitet når forskriften tredde i kraft	Minst 8 måneders produksjon Frem til 2028	Gjelder husdyrgjødsel med <25 % tørrstoff Spredning uten nedmolding tillatt til 15. september og med nedmolding frem til 1. november.
<u>Tillatelse for mindre lagerkapasitet</u>	Den som ikke selv skal benytte husdyrgjødsel kan søke statsforvalteren om tillatelse til færre enn åtte måneders lagerkapasitet.	
<u>Dispensasjon</u> Dispensasjon for senere spredefrist	Kun Statsforvalteren kan gi dispensasjon for senere spredefrist. Dispensasjon innvilges kun ved særlige tilfeller	Tidligere var det kommunen som ga dispensasjon for senere frist for spredning av husdyrgjødsel.
<u>Gjødseljournal</u>	Obligatorisk	Dokumentasjon på mottak, bruk og bortskaffelse
<u>Gjødslingsplan</u>	Påkrevd for mer enn 25 daa gjødslet areal eller fosforkrevende vekster	Må foreligge før vekstsesong, og oppbevares i 5 år. Plan for vekstsesongen i 2026 må oppbevares frem til utløpet av 2031.

<u>Jordprøver – krav</u>	Gyldige i maks 8 år (gjelder også for flerårig plan) Maks 4 år ved fosforkrevende vekster og balanse gjødsling Maks 2 år ved bruk av avløpsslam	Prøver tatt før 1. februar 2025 er gyldige til 1. januar 2030. Må inneholde jordart, pH, P-AL, moldinnhold og være kartfestet.
--------------------------	---	--

Merk at frå og med vekstsesongen 2026:

- gjødslingsplan skal ligge føre før vekstsesongen og skal oppbevares i 5 år
- krav om at alle som brukar gjødselvarer skal føre gjødseljournal
- mengde tilført fosfor (P) skal ikkje overstige 3,5 kg P/daa.

Frå og med søknadsåret 2026 er det ikkje krav om å oppgje opplysningar om gjødslingsplan i søknad om produksjonstilskott. Kravet til gjødslingsplan skal følgjast opp av kommunen etter gjødselbrukforskrifta sine bestemmingar.

Meir informasjon er å finna her:

[Rettleiing til gjødselbrukforskrifta - Landbruksdirektoratet](#)

REGISTRERING AV LAG OG FORENINGAR I BRØNNØYSUNDREG.

All post frå kommunen blir sendt via SvarUt/ SvarInn. Dette inneber at du får brev frå kommunen i din innboks i Altinn. Det er difor viktig å ha rett adresse og å jamnlig sjekke Altinn-boksen.

Det er særleg viktig at alle lag og foreningar til einkvar tid er oppført med rett kontaktinformasjon i Brønnøysundregisteret.

LAGRING AV RUNDBALL

Nord-Fron kommune minner om at rundballer m.m. ikkje blir lagra langs vassdrag - Gudbrandsdalslågen.

AREALENDRINGAR PÅ GARDSKART

Landbrukskontoret må varslast så fort som mogleg, og seinast 1. august, om nydyrka areal (ferdig sådd), nye beiteareal som er rydda, og eventuelt andre arealendringar på garden (til dømes dyrka jord som er nedbygd).

Alle arealendringar må vera ferdig digitalisert i Gardskart seinast 28. august for at det skal vera mogleg å søkje produksjonstilskot og ev. regionalt miljøtilskot på arealet ved registreringsdato 01.10.2026.

INNGJERDING AV FRITIDSEIGEDOMAR

Nord-Fron kommune har utarbeid ein gjerderettleiar for fritidseigedomar i regulert område. Rettleiaren er å finna her:

<https://www.nord-fron.kommune.no/f/p1/i129bac6a-0418-4382-804c-5d8f3a29ac72/gjerdeveileder-for-fritidseiendom-2022-0302.pdf>

VEDLIKEHALD AV GJERDER – ei stor utfordring

Det er viktig å sikre eit godt vedlikehald av gjerder, slik at husdyr og vilt ikkje kjem til skade. Laus piggtråd og dobbelgjerder er svært uheldig i så måte. For dei som har farlege gjerder som burde vore fjerna/ skifta ut, vil ein minne om gjerdeprosjektet i kommunen som gir støtte til fjerning av farlege gjerder.

RETNINGSLINER OG VILKÅR FOR 3-ÅRIG GJERDEPROSJEKT I NORD-FRON KOMMUNE 2024-2026

Nord-Fron kommune har fått løyvd tilskot til prosjektet med i alt kr 600.000 frå Bondelaget og Gjensidiges berekraftfond.

Retningslinjer

1. Nord-Fron kommune v/ landbrukskontoret gjennomfører eit 3-årig gjerdeprosjekt i perioden 2024-2026, for å få fjerna gamle og/eller «farlege» gjerde i inn- og utmark i kommunen.
2. For gjerde som blir fjerna og levert til Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR) på Vinstra, kan ein søkje om å få utbetalt eit tilskott.
3. Det blir enten gjeve kr 20 per meter rydda nettinggjerde og kr 15 per meter piggtråd, eller kr 450 per time brukt til rydding. Timesats er aktuelt ved kronglete, vanskelege og/eller utilgjengelege gjerde. Det blir ikkje gjeve både timesats og kr per meter for same gjerde.
4. Gjerde som har ein funksjon for fleire brukarar kan ikkje fjernast. I slike tilfelle må nytt gjerde vere sett opp før utbetaling av tilskott.

5. I tilfelle der Mattilsynet gjev pålegg om fjerning av gjerde, blir dette prioritert i prosjektet.
6. Det blir ikkje gjeve tilskott til fjerning av gjerde som tilfredstiller krava i grannegjerdelova. Definisjon jf. grannegjerdelova §15: *Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på ei av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau.*
7. Mengde innlevert nettinggjerde blir berekna per kubikk. Prosjektet vurderer at 100 meter nettinggjerde utgjør 1 kubikk med samanrulla gammalt gjerde. Mengde piggtråd blir avgjort i samråd med den som leverer og blir anslege i meter.
8. Strømband og anna øydelagt gjerdemateriell som ikkje er av metall kan leverast separat. Normalt må ein betale for slikt avfall, men dette er kostnadsfritt for den som leverer via prosjektet. MGR fakturerer prosjektet for dette.
9. Alle tiltak skal førehandsvarslast til landbrukskontoret på telefon 612 16 190. Dette for gjennomgang av omfang og kostnadsramme. Tilskott utbetalast fortløpande til prosjektmidla er brukt opp.

Tilskottet blir utbetalt til oppgjeve kontonummer etter innsendt søknad om utbetaling. Søknaden sendast inn gjennom eit digitalt skjema på [Skjema - Søknad om utbetaling av tilskudd til fjerning av gamle og/eller farlige gjerder](#)

10. **Utbetaling av tilskott per meter fjerna og rydda gjerde** blir gjort på følgjande måte:
 - Metallgjerde (t.d. nettinggjerde eller piggtråd) leverast til Vinstra miljøstasjonar.
 - Følgjande sendast til Nord-Fron kommune gjennom digitalt skjema:
 - Kart kor nedteke gjerde er innteikna, med avmerking kor bileta er teke.
 - Bilete før og etter gjerde er fjerna.
 - Kvittering frå MGR.
11. **Utbetaling av tilskott per time** blir gjort på følgjande måte:
 - Metallgjerde (t.d. nettinggjerde eller piggtråd) leverast til Vinstra miljøstasjon.
 - Følgjande sendast til Nord-Fron kommune gjennom digitalt skjema:
 - Kart kor nedteke gjerde er innteikna, med avmerking kor bileta er teke.

- Bilete før og etter gjerde er fjerna.
- Timeliste.
- Kvittering frå MGR.

Vilkår

1. Den som leverer inn gjerde og gjerdemateriell som ein del av prosjektet, må gje beskjed på miljøstasjonen om dette ved levering.
2. Alt som leverast av metallgjerde (nettinggjerde, piggråd mm.) skal vere «reint» metall. Stolperestar, innvokste tre og gras skal fjernast før levering. Er det ikkje reint vil det bli avvist eller at leverandør må betale for levering etter fastsette satsar for usortert avfall.
3. Dei som skal fjerne og rydde gjerde på annan manns grunn eller eigedom, må ha skriftleg fullmakt frå grunneigar.
4. Det blir gjeve tilskott for alle type metallgjerde. Tilskott for fjerning og rydding av gjerde er avgrensa til Nord-Fron kommune. Utbetalingsanmodning må vere innsendt innan 15. oktober.

BRUK AV NOFENCE PÅ STORFE

Nord-Fron kommune har bidrege med tilskotsmiddel over fleire år til Oppland Radiobjøllelag for innkjøp av Nofence-klavar. Per dags dato er 186 klavar førehalde storfeprodusentar i Nord-Fron. Det er stor interesse for å leige klavar, og det er ikkje nok klavar til alle.

Følgjande prioritering gjeld f.o.m. beitesesongen 2026:

Storfeprodusentar som melder interesse får leige eit avtalt tal klavar for å gjere seg kjent med teknologien. Avtaleperioden gjeld for inntil 2 år. Når avtaleperioden er over, skal nye storfeprodusentar i utgangspunktet prioriterast. Dersom det er nok klavar kan avtaleperioden evt. forlengast utover 2 år.

Storfeprodusentar som ønskjer å leige klavar kan melde interesse til Landbrukskontoret.

BONDENS NETTVERK I MIDT-GUDBRANDSDALEN

Målet med Bondens nettverk er eit lågterskel-tilbod om å bistå bonden for ein tryggere hverdag. Bonden eller pårørande kan ta kontakt med Bondens nettverk for å få hjelp til å løyse ulike problem og vanskelegheiter på eit

tidleg tidspunkt. Bondens nettverk i Midt-Gudbrandsdalen er organisert med eit felles samarbeidsutval for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu. Utvalet skal drifte og ta vare på nettverket. I utvalet sit det representantar frå landbrukskontora, veterinærane, landbruksnæringa og helse. Det er bygd opp ei ressursgruppe med fagpersonar med ulike kompetanse. Det er t.d. representantar frå rekneskapskontor, meieri, slakteri, avløysarlag, fagorganisasjonar, NAV, psykisk helse og politi. Dei som står som kontaktperson i oversikta vil vurdere dei einskilde tilfella og etablere kontakt med den i nettverket som kan vera til hjelp.

Dei som er med i Bondens nettverk har taushetsplikt.

Kontaktpersonar i Nord-Fron:

Landbrukskontoret v/ landbrukssjef Geir Johan Groven, tlf. 612 16 190

Veterinær v/ Are Krohg, tlf. 415 11 112

Psykisk helse kl 08:00-15:30, tlf. 612 16 446

FELLES LANDBRUKSPLAN FOR GUDBRANDSDALEN

Jf. vedteke handlingsplan for Gudbrandsdalen 2030 skal det utarbeidast ein felles landbruksplan for 12 kommunar i Gudbrandsdalen. Planen er under arbeid, og vil bli ferdigstilt og lagt fram for politisk godkjenning i løpet av 2026.

SKOGSATSINGSPROSJEKT I GUDBRANDSDALEN 2024-2026

Det går føre eit 3-årig skogsatsingsprosjekt i Midt- og Nord-Gudbrandsdalen for å auke aktiviteten og fremje eit meir stadstilpassa og klimavenleg skogbruk. Prosjektet rettar seg spesielt mot auka aktivitet når det gjeld skogkultur, samt å fremje arbeidet med å organisere og oppgradere skogsvegnettet til gjeldande krav og standardar inkl. organisering av veglag. Prosjektleder er Hallvard Helland, tlf. 950 47 031.

UNGSKOGPLEIEPÅDRIVAR I MIDT-GUDBRANDSDALEN 2025-2026

Kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron, saman med Glommen Mjøsen Skog, har etablert eit ungsogpleieprosjekt i Midt-Gudbrandsdalen. Prosjektet har som mål å auke ungsogpleieaktiviteten i regionen. Glommen Mjøsen Skog har arbeidsgjevaransvar. Ungskogpleiepådrivar er Jo Bruøygaard, tlf. 942 82 880.

TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK (NMSK) I SKOGBRUKET

Tilskot til skogkulturtiltak 2026

Tiltak	Tilskotssats
*Planting i høgdelag 7 og 8 (over 650 moh)	Inntil 20 %
*Suppleringsplanting	Inntil 20 %
Markberedning	Inntil 40 %
Ungskogpleie	Inntil 40 %

*Dersom samla tilskotsramme ikkje er tilstrekkeleg til alle tiltak i Nord-Fron kommune i 2026, vil ein prioritere tilskot til ungskogpleie og markberedning.

I tillegg har ein og nasjonale tilskotsordningar til tettare planting, suppleringsplanting og gjødsling av skog. Dei nasjonale tilskotsordningane har eigne retningslinjer, som er tilgjengelege på Landbruksdirektoratets nettsider. Kommunen er saksbehandlar på dei nasjonale tilskotsordningane.

Tilskot til tettare planting (gjennom den nasjonale ordninga) kan kombinerast med tilskot til planting i høgdelag 7 og 8. Tilsvarende kan tilskot til suppleringsplanting kombinerast med nasjonal tilskotsordning.

Tilskot til vegbygging 2026

Det kan gis inntil 40% tilskot til nybygging eller ombygging av skogsbilvegar, og inntil 30% tilskot til nybygging eller ombygging av traktorvegar. I spesielle høve kan høgare tilskotssats vurderast, til dømes ved bruk av profesjonell vegplanleggar. Kostnadar til utarbeiding av byggeplan kan tas inn som ein del av tilskotsgrunnlaget.

Dersom det nyttast profesjonell vegplanleggar kan kostnadar til oppfølging av byggeprosjektet (innleigd byggeleiar) også tas inn i tilskotsgrunnlaget. Godkjent vegplanleggar i Innlandet er Erik Gjerstadberget, mob. 416 94 122.

Minimum anleggskostnad for at veger skal kunne kome i betraktning for tilskot er kr 30.000. Ordinært vegvedlikehald er ikkje tilskotsberettiga.

Tilskot til punktutbetringar på eksisterande skogsbilvegar

Det kan gis tilskot til tiltak som fjerner flaskehalsar på skogsbilvegnettet, som til dømes utbetring av bruer, kulverter og stikkrenner, utviding av snuplassar, opprustningar av strekningar med dårleg bereemne eller utbetring av strekningar med for liten vegbreidde.

Det gis inntil 40% tilskot til punktutbetringar og inntil 50% tilskot til utbetring eller utskifting av bruer.

Minimum anleggskostnad for at punktutbetringar skal kome i betraktning for tilskot er kr 30.000. Ordinært vegvedlikehald og grøftereinsk er ikkje tilskotsberettiga.

Tilskot til miljøtiltak i skog 2026

Det kan gis tilskot til følgjande miljøtiltak:

- Dekning av meirkostnadar eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar.
- Delvis dekning av økonomiske tap knytt til langvarig bevaring av spesielle miljøverdiar, der omsyn til desse krev at skogeigaren avstår frå hogst eller legg om skogsdrifta.
- Dekning av meirkostnadar ved skogsdrift for å unngå vegbygging som vil redusere *villmarkspregede områder*.

Det er eit vilkår for utbetaling av tilskot at miljøverdiane kan påvisast og dokumenterast, og at meirkostnaden eller tap er tilstrekkeleg dokumentert. Skogeigaren og kommunen skal inngå ei avtale om pliktar og restriksjonar knytt til tiltaket. Slike avtaler bør normalt vere på 10 år. Normalt skal tilskot til ein enkelt skogeigar ikkje overstige kr 75.000.

Tilskot til drift med taubane, hest og manuell tynning 2026

Taubanedrift

Tilskot til taubanedrift blir gjeve som ein fast sats per m³ vyrke (gran, furu, lauv) levert til industriføremål. Tilskotssatsen er uavhengig av banelengde. Tilskotsordninga omfattar bruk av taubane og slepebane. Kommunane i Gudbrandsdalen og Statsforvaltaren i Innlandet har avtalt at Statsforvaltaren sit på tilskotsmiddel i påvente av om det blir aktuelt med taubanedrifter i regionen i 2026.

Det er mogleg å søkje tilskot for tilrettelegging av stand-/velteplass. Det kan gis tilskot på inntil 50% av dokumenterte kostnader for planering, graving av bardunfeste, utviding av oppstillingsplass osv. Maksimal anleggskostnad er kr 50.000.

Kippekostnader (kippling på bilveg) kan søkjast kompensert med 20 kr/m³, mot dokumentasjon.

Tilskot til drift med hest

Det kan gis tilskot til drift med hest med ein fast sats pr. m³ tømmer levert til industriføremål. For 2026 er tilskotssatsen inntil 200 kr/m³.

Tilskot til manuell 1. gongs tynning

Det kan gis tilskot til manuell 1. gongs tynning i hogstklasse 3 (yngre produksjonsskog). For 2026 er tilskotssatsen inntil 200 kr/m³. Tynning med hogstmaskin er ikkje berettiga tilskudd.

Tilskot til andre tiltak i skogbruket 2026

Det kan gis tilskot til andre tiltak og prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket i kommunen, når tiltaket eller prosjektet ikkje blir omfatta av andre etablerte tilskotsordningar i landbruket. Aktuelle tiltak er til dømes prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen.

Nasjonale tilskotsordningar 2026

Gjødsling

- For 2026 gis det inntil 40% tilskot til gjødsling av skog.
- Søknadsfrist for skogeigar er 15. september.

Tettare planting ved nyplanting

- For 2026 gis det inntil 30% tilskot til skogeigarar som plantar inntil 50 planter per dekar utover eit fastsett, bonitetsavhengig minimumstal.
- Søknadsfrist for skogeigar er 25. november.

Suppleringsplanting

- For 2026 gis det inntil 30% tilskot til suppleringsplanting, for inntil 75 planter per dekar. Det er krav om at plantetettleik etter

supplering tilfredsstiller det fastsette minimumstalet per dekar ved tettare nyplanting.

- Tilskotet til suppleringsplanting etter denne ordninga kan berre gis der det er føreteke nyplanting (førstegongsplanting) først.
- Der det elles har vore lagt til rette for naturleg foryngelse av furu, kan det likevel gis tilskot til suppleringsplanting av furu for å komplettere den naturlege foryngelsen.
- Søknadsfrist for skogeigar er 25. november.

BYGGING AV LANDBRUKSVEG

Når den samla nytta av vegen knytt til landbruksverksemnd er lik eller over 50%, skal saka behandlast etter landbruksvegforskrifta. Er derimot den samla nytta av vegen knytt til landbruksverksemnd mindre enn 50%, skal saka behandlast etter plan- og bygningslova.

Søknadspliktige tiltak

- Nybygging og ombygging av landbruksveg er søknadspliktige tiltak.

Tiltaka kan ikkje iverksettast før kommunal godkjenning ligg føre.

Ikkje søknadspliktige tiltak

- 1 Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på eiegen eller enkle avkjøringar frå godkjente landbruksveger.
- 2 Enkle og midlertidige driftsveger som berre medfører ubetydelege terrenginngrep. Ubetydelege terrenginngrep er planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², kor fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå opphavsleg terrengnivå.
- 3 Dersom tiltaka under punkt 1 og 2 har vesentleg negativ påverknad på naturmangfald, landskap, kulturminne, friluftsliv, omsyn til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa gjeld ikkje fritak frå søknadsplikt. I slike høve må det søkjast kommunen om godkjenning.

SKOGFOND

Skogfond er ei lovpålagt fondsavsetning, som skal sikre at skogeigar har middel til å finansiere investeringar i eigen skog. Avsetninga til skogfondet skal vere mellom 4% og 40% av inntekta frå tømmeret,

berekna av brutto tømmerverdi. Alle skogeigarar skal ha sin eigen skogfondkonto. Pengane på skogfondkontoen følgjer skogeigedomen og tilhøyrer skogeigar.

Skogfond gir skattefordel

Skogeigar må skatte av inntekter frå tømmersal, men den delen som settast på skogfondkontoen blir ikkje inntektsført eller beskatta før pengane tas ut av fondet for å dekke investeringar i skogen.

Når skogeigar tek pengane ut av fondet, blir berre 15 prosent av beløpet inntektsført og skattelagt.

Døme på tiltak/investeringar skogfondet kan nyttast til:

- skogkulturtiltak, som planting, ungskogpleie og markberedning
- nybygging og ombygging av skogsveger, samt ombygging av velteplassar
- vedlikehald av skogsbilveger og velteplassar
- miljøtiltak, som pleie av kantsoner i skog
- skogbruksplanlegging
- bioenergianlegg og -utstyr for varmeleveranse
- forsikring av skog
- kursavgift og kursmateriell for kurs knytt til skogens drift
- oppmerking av eigedomsgrenser i samband med jordskifte
- dekke meirverdiavgift knytt til dei aktuelle tiltaka

Refusjonskrav

For å få utbetalt middel frå fondet, må skogeigar sende eit refusjonskrav til skogbruksansvarleg i sin kommune. Dette kan skogeigar først gjere etter at tiltaket er gjennomført og oversikt over kostnadane ligg føre. Kravet skal vere dokumentert. Refusjonskravet må sendast til kommunen seinast *eitt* år frå utgangen av det kalenderåret investeringa blei gjennomført.

NB!! Registrere kontonummer for refusjon og utbetaling av skogfond

Skogeigar må sjølv registrere kontonummer via Altinn og skogfond.no. Kommune og Statsforvaltaren har ikkje lenger tilgang til å gjere dette på vegne av skogeigar.

NY SKOGEIGAR

Her finn du oversikt over dei viktigaste tinga du må hugse på, kven som gjer kva og kor du finn meir informasjon:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ny-skogeier>

BEVERJAKT I NORD-FRON KOMMUNE

Når det gjeld beverjakta i Nord-Fron kommune blir denne organisert gjennom Lågen Fiskeelv sone 4. Kontaktperson er Tor Suleng, mob. 917 12 118.

SIKRINGSRADIOEN PÅ KRØKLA

Sikringsradioen på Krøkla er oppgradert og i full drift, og er kopla direkte til 110 sentralen på Hamar.

LANGSUA NASJONALPARK

Nasjonalparkforvaltarar i Langsua nasjonalpark er Morten Liebe og Stein Granli. Forvaltarane er underlagt nasjonalparkstyret i alt som har med forvaltninga av verneområda å gjere, men er tilsett hjå Statsforvaltaren i Innlandet.

Offisielle kontaktar og søknadar til styret skal sendast til Statsforvaltaren i Innlandet, e-post sfinpost@statsforvalteren.no

Direkte kontakt til nasjonalparkforvaltarane:

Morten Liebe, tlf. 416 77 672, morten.liebe@statsforvalteren.no

Stein Granli, tlf. 907 92 994, stein.granli@statsforvalteren.no

Leiar i Langsua nasjonalparkstyre er Anette Musdalslien.

Tlf. 976 57 281, anette.musdalslien@gausdal.kommune.no

RONDANE-DOVRE NASJONALPARK

Nasjonalparkforvaltarar i Rondane-Dovre nasjonalpark er Trond Stensby og Ingvild Skarsaune. Forvaltarane er underlagt nasjonalparkstyret i alt som har med forvaltninga av verneområda å gjere, men er tilsett hjå Statsforvaltaren i Innlandet.

Offisielle kontaktar og søknadar til styret skal sendast til Statsforvaltaren i Innlandet, sfinpost@statsforvalteren.no

Direkte kontakt til nasjonalparkforvaltarane:

Trond Stensby, tlf. 911 61 458, trond.stensby@statsforvalteren.no

Ingvild Skarsaune, tlf. 450 30 150, ingvild.skarsaune@statsforvalteren.no

Leiar i Rondane nasjonalparkstyre er Ole Tvette Muriteigen.

Tlf. 911 08 725, ole.tvete.muriteigen@sor-fron.kommune.no



Norsk Landbruksrådgivning SA informerer:

På vårt kontor på Landbrukssenteret finn du fire rådgivarar innan: jordkultur, dyrking av grovfôr og korn. Drenering, vatning, plan for nydyrking og klimakalkulator. På same plassen finn du byggteknisk rådgivar, og økonomirådgivar. HMS-rådgiving får du frå kontoret på Lillehammer.

Attåt desse lokale kan du få råd og bistand frå spesialistar innan mellom anna potet-, grønsak-, frukt- og bær dyrking, økologisk dyrking og presisjonslandbruk lokalisert over heile Innlandet og resten av landet. NLR har eit breitt tilbod om rådgiving, kurs, møte og markdagar, som vert annonsert i meldingar til medlemmene og på nettsidene våre.

Her kan du og melde deg inn om du ikkje allereie er medlem:
nlr.no/bli-medlem

Fagmøteplan/kurs for NLR SA avd. Vinstra for vårperioda 2026

- 20. mars Varmerarbeider, Ringebru kl. 09.00-16:30.
 - Kurset er ope for alle, men prisen er avhengig av om du er medlem hos oss eller ikkje.
- Vårønmøte korn og grovfôr 23.mars kl. 19.00.
 - Felleskjøpet Vinstra. Følg med på arrangement på nettsiden nlr.no for meir informasjon.
 - Gjødelsbrukforskrift og gjødslingsjournal
 - Vårens nyheter v/Felleskjøpet

- Testing av brannsløkkingsapparat
- Seterfagdag Gudbrandsdalen 18.august. Sted kommer.
- Markdag beiterydding. Sted og dato kommer.

Vi arrangerer ulike møter og markdagar gjennom året. Sjekk vår kalender: [Kalender | Norsk Landbruksrådgiving](#)

Kurs

Vi arrangerer ulike kurs gjennom året, og mange i fleire omgangar, både med fysisk frammøte og digitalt. Sjekk vår heimeside: nlr.no/kurs
Gje gjerne melding om du treng kurs som allereie er avvikla. Mellom dei som kjem att nærast kvart år er:

Plantevern: fyrste gongs og fornying av grunnleggande autorisasjon («sprøytelappen») og autorisasjon for gnagemiddel.
HMS: Praktisk HMS, Varme arbeider, brannsløkkerapparat kontroll.
Inn på Tunet – som fleire har hatt glede av i Mentorordningen.

Aktuelle tilbod før våronna

Gjødslingsplanlegging – skal være klar før våronna
Jordprøvetaking med GPS-merking – prøver frå 2018 og før er for gamle
Funksjonstesting av åkersprøyte – bestill tid!
Dreneringsplanlegging
Fôrprøvetaking
Klimarådgiving – to på Vinstra-kontoret er autorisert rådgivarar.
Varme arbeider
Kontroll av brannsløkkere

Nytt tilbod på kontroll og service av brannsløkkere, der vi tilbyr ein årleg serviceavtale ute på garden. Dette blir ei prøveordning i 2025. Pr. i dag så utfører vi kontroll ved HMS besøk og dagar avsett for kontroll rundt omkring i Innlandet. Dette vil vi fortsette med, men vi ønskjer også å kunne tilby ein service/ abonnements avtale til bonden. Avtala inneber at vi kjem på garden og utfører kontroll årleg.

Vi er også i ferd med å etablere eit lager med apparat som skal brukas til innbytte. Det vil i hovudsak vera apparat som vi har utført service på, som da vil bli brukt i ei retur ordning.

Når bonden leverer apparat som ikkje kan godkjennes, eller må inn til service, så får han med eit godkjent apparat heim, mens NLR gjør service på det innleverte.

KADAVERHENTING

Informasjon frå Biosirk:

Biosirk Norge har ansvar for kadaverhenting i Norge (unntak Finnmark), og de fakturerer alle slakterier for ordningen. Henting skal normalt skje innen 5 virkedager. Merk kadaverplassen godt om du ikke er hjemme, og husk at plast må ikke forekomme i leveransen til kadaverbilen.

Innmelding av dyrekadaver gjør du via <https://kadaver.biosirk.no/>

Kadaverordningen omfatter:

- *Storfe, kalv, småfe og svin.*
- *Smågris, lam, fjørfe skal samles og fryses inn på gården og hentes sammen med store dyr.*

Kadaverordningen omfatter ikke:

- *Kadaver av hest, fallvilt, mv. Ved levering betaler leverandøren en enhetspris. Kadaverhenting av hest koster kr. 2.400,- + mva uavhengig av medlemskap i Nortura eller ikke.*

Ved innmelding av kadaver, husk:

- ***Dyr som det skal tas prøve av skal ha øremerker.***
- *For alle andre dyr skal øremerker fjernes.*
- *Hesteko, klave, tjør, tauverk, plast mv. skal også fjernes.*
- ***Plast må ikke forekomme i leveransen til kadaverbilen!***
- *Ta dyret ut av fjøset og legg dyret på en tørr, skyggefull, og godt merket plass.*
- *Ha en fast plass for henting av kadaver, plassen må være lett tilgjengelig for kranbil.*
- *Dekk dyret til med trelemmer eller trepaller, litt luft er bra. Ikke bruk plast!*

Prøveuttak av døde produksjonsdyr Biosirk skal ta **hjerneprøver** av døde storfe og småfe. Alle selvdøde eller avlivede **storfe over 4 år*** og sau/geit over 18 måneder skal tas hjerneprøve av.

KLAUVBOKS

Landbrukssenteret disponerer klauvboks som brukarar i Nord-Fron kan låne gratis til bruk på eigne dyr. Klauvboksen står på eigen bilhengar, så det er enkelt å frakte den. Ta kontakt med Landbrukskontoret.

TRENG DU KLAUVSKJERING?

Per Johan Vaterland tek på seg oppdrag med klauvskjering.
Ring Per Johan, tlf. 913 92 465 for nærare informasjon og bestilling.

INFORMASJON FRÅ FRON AVLØSERLAG

Avløserlaget har flere frilandsavløsere som kan nyttes ved sykdom, samt av alle med rett på ferie/fritidstilskot. Landbruksvikarordninga blir administrert av Fron Avløserlag. Ta kontakt dersom du blir sykemeldt. Vi er behjelpelige med alt av papirarbeid i forhold til NAV og innsøking av sykdomsrefusjon.

Her er en oversikt over hva som må ligge ved søknaden:

Ved sykemelding

- *Alle sykemeldinger i perioden der det fremgår fullt navn, personnummer, periode og sykmeldingsgrad.*
- *Dersom du har inntekt utenom gårdsdrifta, må alle lønns slipper legges ved.*
- *Dyretall. Her menes antall melkeku, ammeku (mordyr), øvrige storfe, sau født året før eller tidligere, og så vidare.*
- *Avløserutgifter ved sykdomsavløsning.*
- *Navutbetalingsbilag der periode og dagsats går frem, samt fullt navn og personnummer. Utbetalingsoversikt som ikke inneholder periode og dagsats er ikke godkjent dokumentasjon.*
- *Eventuelle vedtak om for eksempel arbeidsavklaringspenger, pleiepenger, foreldrepenger, legeerklæring osv.*

Ved sykt barn

- *Legeerklæring.*

Ved fødsel har far/medmor rett på 14 dager med refunderte utgifter til avløser. Her må fødselsattest og utgifter legges ved.

Ved foreldrepermisjon

- *Nav-vedtak og navutbetalingsbilag må legges ved.
Navutbetalingsbilag må inneholde fullt navn, personnummer,
periode, dekningsgrad og dagsats.*

Ved dødsfall har gjenlevende ektefelle/samboer, barn eller foreldre etter en avdød jordbruker rett på tilskudd til avløsning i inntil 8 uker etter dødsfallet

- *Dødsattest*
- *Utgifter*

Fron Avløserlag har lang erfaring med å hjelpe gårdbrukere i denne prosessen. For kunder i avløserlaget gjøres dette kostnadsfritt. For deg som ikke er kunde i avløserlaget, men ønsker hjelp med søknadsprosessen er det en timesats på kr 395 pr/t.

Kontortid: Mandag, tirsdag og torsdag frå kl. 10:00 til kl. 15:00.

Tlf.nr: 61 29 22 30/ 97 70 65 98. Telefonen er døgnbemanna for akutt sykdomsavløsning.

Heimeside: fron-avloserlag.no

BEREDSKAPSGRUPPE I FRON

Beredskapsgruppa vart oppretta for å vere ei *hjelpande hand* for gardbrukarar i Fron. Gruppa skal kunne bistå med å organisere hjelp til beitebrukare/gårdbrukare som opplever rovdyrangrep og andre ekstraordinære hendingar, som brann, sjukdomsutbrudd i buskapen, dødsfall, naturkatastrofer o.l. Dette er eit tilbod for dei som ønskjer det. Tilbodet gjeld alle gardbrukarar i Fron, og er eit gratis tilbod.

Kontaktinformasjon:

Marthe Dypdalen, leiar

91 54 81 44

Lars Ole Auglestad, nestleiar

91 34 21 40

Beredskapsgruppa er knytt opp mot felles kommunal vakttelefon rovvilt, og har tett samarbeid med jaktleiar i det kommunale jaktlaget og med landbrukskontora. Alle i beredskapsgruppa har taushetsplikt.

ROVVILTSKADER PÅ BEITEDYR

Statens naturoppsyn (SNO)

Terje Stian Bjørke	(lokal rovviltkontakt)	90 10 63 84
Christen Bårdsløkken	(lokal rovviltkontakt)	91 15 37 29
Jan Olav Solstad	(lokal rovviltkontakt)	99 16 71 86
Erlend Furuhovde		95 83 66 38
Øyvind Angard		91 73 33 65

Statsforvaltaren i Innlandet:

Sentralbord	61 26 60 00
Vakttelefon rovvilt	97 02 98 40

Kommunane i Midt-Gudbrandsdalen:

Felles vakttelefon rovvilt	94 87 89 44
----------------------------	-------------

Miljødirektoratet:

Vakttelefon rovvilt	97 78 70 00
---------------------	-------------

VASSFORSYNING TIL HUSDYRHOLD

Dersom du mistar vassforsyninga på garden, er det viktig å ta kontakt med forsikringsselskapet ditt i forhold til forsikringsdekning. Du kan ha krav på å få dekt utgifter til vasskøyring eller eventuelt delar av utgifter til ny vassforsyning.

UTVAL FOR MILJØ, LANDBRUK OG AREAL (MLA) 2023-2027

Utvalet har som arbeidsområde dei oppgåvene som kommunen har ansvar for innafor plan- og byggesaker, miljøvern, landbruks- og

utmarksforvaltning medrekna vilt- og fiskeforvaltning og saker om motorferdsel i utmark. Utvalet er også kommuneplanutval. Utvalet har avgjerdsrett i saker som ligg under landbrukslovgivinga, og som ikkje er delegert til kommunedirektøren, jf. kommunen sitt delegeringsreglement. Formannskapet er ankeorgan for slike saker.

Utvalet har 7 medlemmar:

- Terje Sørli (AP), leiar
- Petter Jon Vaet Spjotum (H), nestleiar
- Ann Sofie Møller (AP)
- Caroline Møller Agdestein (AP)
- Simen Stokke (SP)
- Borgny Sletten (SP)
- Ola Masseng Sylte (SP)

LANDBRUKSSENTERET PÅ VINSTRA

Landbrukssenteret på Vinstra er felles kontorstad for ulike offentlege og private tenester/rådgjevingssverksemdar innan landbruket. Du kan tinge møterom på kveldstid (NB: Hugs å ta kontakt med landbrukskontoret på førehand).

Landbrukskontoret

612 16 190

post@nord-fron.kommune.no

Geir Johan Groven
(landbrukssjef)

612 16 199 / 992 45 924

geir.johan.groven@nord-fron.kommune.no

Ingebjørg Jenssveen
(landbruksrådgjevar)

612 16 196 / 416 44 625

ingebjorg.jenssveen@nord-fron.kommune.no

Nils Skurdal
(rådgjevar)

612 16 195 (mån, tys)

nils.skurdal@nord-fron.kommune.no

Oda Aulstad Kvisberg
(landbruksrådgjevar)

404 32 353

oda.kvisberg@nord-fron.kommune.no

Norsk Landbruksrådgiving (NLR), kontaktar i Midt-Gudbrandsdal

Kari Baukhol 977 26 156
(rådgjevar grovfor, permisjon til oktober 2026)
kari.fossehagen@nlr.no

Eivind Bergseth 952 00 352
(rådgjevar hydroteknikk og korn)
eivind.bergseth@nlr.no

Sina Romsås 952 26 546
(rådgjevar hydroteknikk, klima og korn)
sina.romsas@nlr.no

Svein Tofte 905 67 796
(teknikar, jobbar sesong frå 1. august til 28. februar)
svein.tofte@nlr.no

Torstein Rørstad 480 63 212
(byggteknisk rådgjevar)
torstein.rorstad@nlr.no

Morten Randsted 976 14 739
(rådgjevar økonomi)
morten.randsted@nlr.no

Inger-Torill Hjelmstad 997 31 796
(HMS rådgjevar – kontorstad Lillehammer)
inger.hjelmstad@nlr.no

Fron Avløserlag 612 92 230
Randi Karenstuen 977 06 598
(dagleg leiar)
post@fronavloserlag.no

Veterinærvakta Fron 612 91 400
post@vetvaktafron.no

Glommen Mjøsen Skog SA
Veronica Øvremo 910 05 171
(skogbruksleiar Nord-Fron og Sør-Fron)
vo@glommen-mjosen.no



Foto: Oda Aulstad Kvisberg